



Treningsvillige og flinke langrennsungdommar(Arkivfoto: Kjersti Bråtun)

**Kvinnherad-rennet som skulle vore arrangert i Fjellhaugen komande laurdag, er flytta til Korlevoll skistadion på Seljestad. Grunnen til dette er naturleg nok dei dårlege føreforholda i Fjellhaugen. På Korlevoll vil løparane bli møtt av langt betre føreforhold. Kvinnheradsrennet er eit kretsrenn, men det vil også gå inn som eit av renna i Kvinnheradkarusellen. Som vanleg startar det opp med barneskirenn før dei ordinære konkurranseklassane.**

- Dei milde verusiktene for veka gjer at vi alt no har bestemt oss for flytting til Korlevoll, fortel Cathrine Haugland i skigruppa i Uskedal idrettslag som er arrangør for rennet saman med idrettslaget Ternan. Ho legg til at dei trur på at det vert god deltaking frå heile kretsen sidan det har vore fleire avlyste renn til no i vinter.

-Eg håpar og det vert mange deltakarar frå Kvinnherad, seier ho vidare. Vi har i alle fall hatt imponerande treningsframmøte. I det siste har vi vore 40 på barmarkstreningane for dei yngste (8 - 12 år), og i tillegg har det vore 15 på den eldste gruppa. Det er ikkje anna enn fantastisk med dei treningstilhøva vi har hatt til no denne vinteren. Eg håpar mange av dei stiller i rennet.

Representantar frå arrangørane har vore og sett på tilhøva ved Korlevoll skistadion, og desse er gode.

- Sist helg var forholda rett og slett supre! seier Catrine.

Dei er imponert over innehavarane av anlegget som legg godt til rette for at dette rennet kan avviklast der. IL Korlevoll, klubben til Chris Jespersen, vil også hjelpe til litt med tidtakinga denne dagen, og dei låner og ut den store og flotte hytta si til varmestove og kiosk. Arrangørane er svært takksame for dette.

Påmeldingsfrist til klasserennet er onsdag. Påmelding skjer via [www.minidrett.no](http://www.minidrett.no). Dei som er i tvil om korleis dette skal gjerast kan ta kontakt med ein av trenarane. Aller siste frist for etterpåmelding er kl.11 renndagen. Rennet startar kl.13.

Påmelding til barneskirennet må gjerast seinast 45 minutt (kl.11.15) før rennet startar.Rennstart for barneskirennet er altså kl. 12.

Utsiktene skulle vere dei beste for at det vert ein god og inspirerande langrennsloardag på Korlevoll skistadion.



Nokre av dei ivrige rekruttane i skigruppa.(Arkivfoto: Sven Ove Kjerpeseth)

Tekst og NETT: Thor Inge Døssland